

Førstegongsvakt: - Dette var veldig greitt!

07.08.2017



Hans Reidar Kjærland var vakt fredag då m.a. Spidergawd spelte.

**Hans Reidar Kjærland(60 år) var vakt på Festidalen for første gong fredag. Sjølv om det var hans første vakt på Festidalen, snakkar vi om ein kar med mykje erfaring som vakt både frå Uskedalsdagane og andre dansetilskipingar for 25-40 år sidan. På den tida reiste han også til ein del festivalar m.a. Titano-festivalen og andre dansemusikkfestivalar.**

Hans Reidar Kjærland har altså ikkje delteke på Festidalen før, men i år vart han trekt med på lasset gjennom ein ordning med Uskedal bondelag. Han er nemleg bonde med gard på Kjærlandsido, ikkje langt frå festivalarenaen.

Eg snakka med han laurdag føremiddag etter ei natt med lite søvn. Etter å ha vore vakt til 2 - halv 3, var det opp til mjølking kl.5. Likevel var han i godt humør, og syntes vaktøkta kvelden før hadde vore svært grei.

- Det var gode instruksar og veldig godt organisert. Det var effektivt med god kommunikasjon, og vi visste heile tida at vi hadde både vektarane frå Pro Sec Security og politiet i bakhånd. Om det skulle vera behov for det ville dei vera kjapt på plassen, seier han og legg til at det einaste han opplevde som plagsamt var det høge lydnivået.
- Med tanke på borna kan nok lydnivået vera meir skadeleg enn fyll som nokre fryktar, seier han om det. Dette er også grunnen til at arrangørane deler ut øyreproppar i mange boder på arenaen. Når det galt fyll, var han slett ikkje avskremd.

- På enkelte av dei festivalane vi reiste på i ungdommen var det mykje meir fyll å sjå til og med på dagtid enn det var her fredagskvelden. Ja, det var heilt andre tilstandar, seier han, og underteikna kan skriva under på det, for eg var på ein del av dei same festivalane.

Han syntes også at arrangørane stelte godt med dei friviljuge med innlagte pausar der det var tilgang på skikkeleg og god mat og drikke i friviljugteltet. Der var det berre å forsyna seg med lapskaus, hot dog, vafler, kaffi og brus.

- Det var flott! Ingen trong å gå svoltne heim etter ein slik kveld, rosa han før han til slutt hugsa å leggja til at han var overraska over kor fort det gjekk å töma området for så mykje folk etter konsertslutt.

Bondelaget stilte med om lag 10 vakter fordelt på dei to kveldane, og i følgje Hans Reidar Kjærland stiller dei svært gjerne fleire gonger. I ettersid føyer han til at han og andre bønder er uroa av det enorme fyrverkeriet som avluttar Festidalen. Det er er så kraftig at det skremer 'livet' av husdyr på beite både i nærområdet og opp heile dalen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Thor Inge Døssland/Stig Framnes.